

Møtebok FR 18. sept. 2024

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.
Tid: Onsdag 18. sept 2024 kl. 17.00 -19.00
Stad: Kyrjekontoret i Sæ 21.

TIL STADES:

Dag Sele (Stord), Knut Gram (Stord), Tormod Stautland (Nysæter), Heine Kaldefoss (Nysæter), Tom Knudsen (kommunal representant), Jørgen Knudsen (geistleg representant), Reidun Andersen (kyrkjeverje-administrasjonen).

FRÅVER:

Liv Kari Bru (kyrkjeverje/dagleg leiar).

Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

2024/24 012.1 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Vedtak: Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2024/25 012.1 Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 20. juni 2024.

Vedtak: Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2024/26 131 Økonomirapport pr. 31.07.2024

Vedtak: Økonomirapporten pr 31.07.2024 vert teke til vitande.

Samrøysta vedteke.

2024/27 112 Revidert driftsbudsjett 2024

Vedtak:

1. Stord kyrkjelege fellesråd vedtek revidert budsjett for 2024 som framlagt med dei endringar som vart gjort i møtet.
2. Fellesrådet ber kyrkjeverje utarbeida eit foreløpig budsjettutkast for 2025, med bakgrunn i det reviderte budsjettet og vedteken økonomiplan for fellesrådet, og leggja dette til grunn for sine innspel til kommunedirektøren i Stord kommune i budsjettprosessen for 2025. Fellesrådet sine medlemmer ønskjer å bli orienterte gjennom kopi av budsjettutkastet og innspelet til kommunen.

Samrøysta vedteke.

Møtebok FR 18. sept. 2024

2024/28 112 Økonomidrøfting U.off. jfr. §14, offentleglova

Vedtak: Fellesrådet handsamar denne saka u.off, og sender saka til sokneråda for handsaming med dei endringar som kom fram i møtet. Fellesrådet oppmodar SR å handsam saka u.off.
Samrøysta vedteke.

2024/29 154 Auka festeavgift

Vedtak: Stord kyrkjeleg fellesråd går inn for å auka festeavgifta frå kr. 350 pr år til kr. 400 pr år for kistegrav og frå kr. 250 pr år til kr. 300 pr år for urnegrav. Dette framlegget vert oversendt kommunestyret for endeleg vedtak. Fellesrådet vil vurdere satsane årleg i budsjett-behandlinga.
Samrøysta vedteke.

2024/30 154 Auka årsbeløp stellavtalar

Vedtak: Stord kyrkjelege fellesråd vedtek å auka årsbeløpet for stellavtalar frå kr. 1.800 til kr. 2.500,-. Administrasjonen sjekkar ut det formelle i forhold til kva som ligg i kontraktane. Fellesrådet vil vurdere satsane årleg i budsjett-behandlinga.
Samrøysta vedteke.

2024/31 154 Auka pris på oppretting av gravminne

Vedtak: Stord kyrkjelege fellesråd vedtek å auka prisen på oppretting av gravminne frå kr. 1.000 til kr. 1.300,-. Fellesrådet vil vurdere satsane årleg i budsjett-behandlinga.
Samrøysta vedteke.

2024/32 154 Auka leigeinntekter for kyrkjene

Vedtak: Stord kyrkjelege fellesråd ynskjer å auka leigeinntektene i tråd med framlegget frå kyrkjevevja. Fellesrådet ynskjer at prisen vert kr. 2 000,- i botn pluss 20% i billettinntekter. Saka vert sendt til høyring hos sokneråda. Endeleg vedtak vert fatta på møte i fellesrådet i 14. nov. Fellesrådet vil vurdere satsane årleg i budsjett-behandlinga.
Samrøysta vedteke.

2024/33 002.1 Kandidatframlegg til val av landsråd til KA.

Fellesrådet har drøfta saka, det er ingen forslag til kandidatar.

2024/34 012.2 Evaluering av møteforma i Stord kyrkjelege fellesråd.

Vedtak: Stord kyrkjelege fellesråd tek møteevalueringa til orientering.
Samrøysta vedteke.

2024/35 221 Innspel frå fellesrådet til leiarsamtalen. U.off. jfr. §13, offentleglova

Leiar i fellesrådet har årleg leiarsamtale med kyrkjevevja og ynskjer innspel på aktuelle tema til samtalen.

Vedtak: Fellesrådet handsamar denne saka u.off. Leiar i fellesrådet tek med seg innspela frå fellesrådet til leiarsamtalen med kyrkjevevja.
Samrøysta vedteke.

Møtebok FR 18. sept. 2024



Referat, meldingar, orienteringar:

- Nytt frå Stord Sokneråd v/ Knut & Dag
 - Prostestilling, økonomi, to av medlemane til gudstenesteutvalet er gått ut- må ha to nye medlemar
- Nytt frå Nysæter sokneråd v/ Heine & Tormod
 - Prostestilling, permisjonssøknad, jobbar med å få nytt medlem til diakoniutvalet, kyrkjelydsleir saman med Stord utan komitemedlem
- Referat frå Kyrkjestova Fredheim v/ Dag
 - Ein del reparaasjonar på det elektriske systemet, infoskjermer
- Nytt frå komiteen som arbeider med kyrkjelydshus v/ Dag
 - Det blir jobba med konkrete tiltak som det blir jobba aktivt med
- Nytt frå staben:
 - Stillingar og status. Kyrkjevevje er sjukmeldt ut månaden, det er ein søkjar til kyrkjelydspedagogstillinga som det har vore intervju med
 - Det har vore utført eit arbeid med Benchmarking i forhold til økonomi, rapport vert opparbeida i god tid før budsjettbehandlinga
- Nytt frå gravplassane.
 - Det vert jobba med å hellelegge gangveg på Huglo gravplass

Stord 18.09. 2024

For Stord kyrkjelege fellesråd

Dag Sele
Leiar

Reidun Andersen
Referent

Neste møte i fellesrådet er
14. november 2024 kl. 17.00